

MELAND KOMMUNE
POSTBOKS 79
5906 FREKHAUG



Kartverket

Dykkar ref.:

Vår ref.: frehed
Sak/dok.: 11133561/

Dato:
23.03.2017

Dokumentet har framleis manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 22 bnr. 218 i 1256 Meland kommune

Vi har prøvd å nå dykk, ved Per Atle Sæle, på telefon, men har ikkje fått svar. Meldinga om arealoverføring med tilhøyrande erklæring, fullmakta og erklæringa om unntak frå konsesjonsplikta de har sendt inn for tinglysing har framleis manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Vi synar til vår forrige retur 06.01.2017. Det har ein mangel ved den nye fullmakta.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Det er to styremedlemmer i fellesskap som har signaturrett for selskapet. Vi kan ikke sjå at Odd Bremnes er styremedlem i dag. Vi ber om at dei to som har signaturrett i selskapet signerar fullmakta. Dette følgjer av tinglysingslova § 13.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottok kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. På www.seeiendom.no er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka.

Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing



Ingunn Stenhaus Obaro
saksbehandlar



Hedvig Fredriksen
saksbehandlar